

A portrait of Tore Turøy, a man with short, light-colored hair, wearing a dark blue button-down shirt. He is looking slightly to the right of the camera with a neutral expression. The background is a blurred green foliage.

# Fjell Venstre

«Det eg brenn mest for, er å få eit nytt fastlandsamband lengre sør på Sotra. For at det skal kunne realiserast, trengs det eit fleirtalsvedtak i Fjell kommunestyre. Det kan du som veljar vere med å påverke ved å røyste Venstre.»

*Tore Turøy, ordførarkandidat for Venstre*

Program 2011 - 2015



venstre

# Ei framtidsretta styring

## Ein kommune i vekst

Fjell kommune har, etter at Sotrabraua kom i 1972, hatt ei rivande utvikling. Folketalet har i dei siste 35 åra tredobla seg og har no passert 22 000. Også i åra framover er det venta ein **sterk vekst**. Dersom veksten held fram og prognosane slår til, kan folketalet verte 40 000 dei neste 20 åra. Saman med grannekommunane i sør og nord, kan folketalet i regionen passere 60 000 allereie i 2030.

I dette perspektivet er det lett å forstå at vi vil få mange og utfordrande oppgåver i åra som kjem. Fjell Venstre vil gjerne vere med å prege politikken som skal utøvast for at kommunen og regionen skal utvikla seg **til beste for dei som skal bu her**. Veksten skal kome heile kommunen til gode. Venstre kan også tenkje seg å innleia samtalar med grannekommunane i sør og nord for å høyre kva Fjell kan gjere for at det kan verte interessant å slå saman kommunane eller auke graden av samarbeid.

## Bustadbygging

Venstre vil arbeide for at veksten som vil kome, i større grad også skal kome dei eksisterande grendene og bustadområda til gode. Det er likevel viktig at veksten i kommunen ikkje er raskare enn kva lokalmiljø og infrastruktur i kommunen tåler. Private utbyggingsinteresser må balanserast mot velferda til noverande innbyggjarar og mot naudsynte **investeringar i offentleg infrastruktur**. Særleg gjeld dette ved utbygginga på Straume. Utbygging av in-



frastrukturen i utkantane skal prioriterast slik at det vert tryggare og betre å bu i grendene. Generell trafikkisikring og trygge skuleveggar er viktig for Fjell Venstre.

Vi vil også at regelverket kring bygging i strandsona vert praktisert på ein slik måte at det også er mogeleg å nytte seg av 100-metersbeltet i område der det er busetnad frå før, og der det elles er naturleg. Samstundes vil vi at 100-metersregelen skal handhevast slik at allmugen vert sikra **tilgang til strandsone og sjø**. Venstre innser at også nye bustadområde må kome, og at vi må godta ei viss fortetting enkelte stader. Men vi vil at infrastrukturen, og ikkje minst skulebygg skal vere ferdig planlagt og finansiert for ein tillet omfattande utbygging. Dette for å unngå naudløysningar som eksempelvis brakkeriggar til skulebygg.

# Ein grøn og nyskapande kommune

## Kultur

Venstre vil ha ein inkluderande kulturprofil kor alle har rett til å delta med likeverd i eit mangfaldig kulturliv. Det må leggjast til rette for eit breitt kultur-, idretts- og friluftsliv. Lag, organisasjonar og andre som driv frivillig arbeid må få gode arbeidsvilkår. Det skal satsast på **frivillig arbeid** for å sikre lokal forankring i utvikling av kulturtilboda.

Kommunen skal leggje til rette for at alle med nedsett funksjonsevne kan nytte kulturtilbodet i kommunen. Alle kommunale bygg skal ha **universell utforming**. Det bør vere teleslynge i alle offentlege bygg og lokale som vert brukt som samlingsplassar.

Kulturarven er viktig for det lokale særpreget vårt, miljøet og oppleving av å høyre til ein stad. Vi vil verne om natur- og friluftsområde og **ta vare på kystkulturen**. Dette skal i størst mogleg grad skje gjennom bruk. Ein god dialog med sentrale kulturvernstyresmakter vert viktig for at vi skal kunne utvikle gamle bygningar og kulturmiljø.

Sjø- og båtliv er viktig for trivsel og næring. Kommunale planar må sikre **tilkomst til sjø og gjesteplassar/-hamn**. I private planar skal det og vere fokus på tilrettelegging for innbyggjarane våre. Venstre ynskjer også at kommunen skal leggje til rette for at fleire område i strandsona vert gjort enda meir attraktive som friluftsområde.



## Miljø og klima

Venstre vil gjennomføre Fjell kommune sin klimaplan. Vi vil at regionen i større grad skal **satsse på kollektivtransport**. Fjell kommune skal gå føre som eit godt eksempel for miljøvenleg drift og sertifiserast som miljøfyrtårn. Styrking av kollektivtrafikken i samarbeid med nabo-kommunane er viktig. Venstre vil også arbeide for å få ei meir miljøvenleg bustadbygging, til dømes ved bruk av fjernvarme og såkalla passivhus.

# Kunnskap og like sjansar


## Kunnskap i skulen

Kunnskap står heilt sentralt i Venstre sin skulepolitikk. Vi vil bygge **ein kunnskapsskule**. Det er derfor viktig at skulane får de ressursane dei behøver, og at vi har gode skulebygg.

Det er også viktig at det vert lagt til rette for at unge familiar kan etablera seg i grendene slik at tilfanget til skulane vert styrka. Vi ynskjer at skulane skal få det vedlikehaldet som er naudsynt for at elevane og dei som har arbeidsplassen sin der, skal trivast. Der det trengst, vil vi **at skulane også kan nyttast til allaktivitetshus** for dei lokale bebuarane. Vi vil også at eksisterande og nye skular som vert bygde, skal leggjast til rette med tanke på fleirbruk. Skular og barnehagar bør i størst mogeleg grad vere sjølvstyrte. Det må leggjast til rette for best mogeleg samarbeid mellom skule/barnehage og heimen.

Ungdomsskulen skal heile tida vere oppdatert med **gode læremiddel og godt arbeidsmiljø** for både tilsette og elevar. Venstre meiner motiverte lærarar er nøkkelen til ein god skule. Vi meiner også at skulen treng best mogeleg kvalifiserte lærarar, og at dei skal vere adjunkt/lektor for å undervise på ungdomstrinnet. Det må og vere eit krav at ein har utdanning i dei faga ein underviser i. Venstre går også inn for at lærarane våre får den etterutdanning og kursing den einskilde har trong for. Samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv må styrkast.

Fjell skal alltid ha **full barnehagedekning**.



## Sosialt ansvar

Dei som treng pleie og omsorg skal handsamast med **respekt og vørdnad** og vi treng godt kvalifisert personale til jobbane. Vi treng avlastingsplassar slik at dei som tek ansvar for sine pleietrengande kan få pusterom.

Venstre meiner at kommunen må satse på bygging av både faste plassar og avlastingsplassar i takt med det aukande behovet som vi veit vil kome, men alle borgarar må få **bu heime så lenge dei ønskjer** og ha lovfesta rett til heimhjelp. Førebyggjande helsearbeid er ei investering i framtida. Det må arbeidast offensivt med **førebyggjande tiltak mot rusmisbruk** og kriminalitet. Psykisk helsevern skal gjerast til eit satsingsområde. Folk som må flykte frå heimlandet sitt må også i framtida kjenne seg velkomne i Fjell.

# Næring og vekst

## Eit nyskapande næringsliv


Venstre vil leggje til rette for at det eksisterande **næringslivet skal få gode vilkår** til å utvikle seg. Industri og spesielt offshore-industrien er i dag stor i Fjell, men vi ønskjer også dei lokale initiativa til mellom anna auka turisme velkomne. På sikt kan dette bli ei ny stor næring.

Kommunen sin næringsplan må reviderast og gje eksisterande og nye verksemdar forutseielege rammer. Næringsplanen må leggje til rette for **eit breitt og mangfaldig næringsliv**. Fjell Venstre vil derfor vere tydelige på at vi ønskjer eigedomsskatt på verk og bruk (næring) for å sikre kommunen sitt tenestetilbod.

Venstre vil også gå inn for å **samarbeide meir med grannekommunane** i nord og sør om å få større prosjekt til regionen og meiner det er ein meir framtidretta politikk å sjå heile regionen under eitt. I mange høve verkar kommunegrensene som kunstige barrierar som etter vår meining ikkje bør vere der.

## La grendene leve

Venstre vil at Fjell skal vere ein god kommune å bu i. Saman skal vi gjere **kommunen attraktiv for ungdom** og ynskje velkomen dei som vil etablere seg her. Vi skal stø frivillig arbeid både i grendene og i samfunnet generelt og arbeide for at også dei som ikkje driv organisert fritidsaktivitet får eit tilbod.



# Nytt Sotrasamband i sør

## Samferdsle

Venstre vil arbeide for å **utbetre det lokale vegnettet** med fokus på tryggleik. Særleg vil vi prioritere bygging av sykkel- og fotgjengarfelt på skulevegar og bustadområde der det ferdest born.

Venstre vil arbeide for at nytt samband mellom Sotra og fastlandet skal kome så snart det let seg gjere. Venstre vil også arbeide og argumentere for at **det nye sambandet skal gå sør på Sotra**. I dette arbeidet vil Venstre invitere til eit vidare samarbeid med grannekommunane i spørsmål ikring sambandet.

### Dette meiner vi fordi:

- det er det mest framtidretta alternativet
- det gir bebuarane i regionen eit alternativ
- det styrkar beredskapen
- det vil unngå at all trafikk frå regionen vert slusa gjennom eit allereie sterkt trafikkert område for så å møte den aukande trafikken frå Askøy - vi er redde for at dette berre vil skapa nye problem
- det fører mykje trafikk utanom Bergen og reduserer dermed forureininga der, og det kan gi Bergen, som allereie har arealproblem, ei avlastning og føre til ekspansjon på søre Sotra

Fjell Venstre stiller seg samstundes **positive til etablering av tversamband** mellom kommunane Øygarden og Askøy. Eit tversamband vidare mot Nordhordland vil gje både næringsliv og innbyggjarar kort reiseveg både nordover og sørover utan å køyre innom Bergen sentrum.



Som strakstiltak for å betre på dei trafikkale problema inntil nytt fastlandssamband vert etablert, vil vi gå inn for eit utvida og **billegare busstilbod** mellom Sotra/Øygarden og Bergen. I rushtida meiner vi også at eit tilbod om gratis buss til Bergen må vurderast. Alle bygdene må få eit busstilbod som eit attraktivt alternativ til privatbil. Vegnettet må byggjast ut for å få samanhengande kollektivtrafikk. På Litle Sotra og Bildøy bør ikkje den einskilde ha meir enn 5 min til næraste busstopp. Andre strakstiltak som vi vil gå inn for er bygging av gang- og sykkelveg over Sotrabrua.

Venstre vil også gå inn for at det så snart det let seg gjere vert bygd "Parker&reis-anlegg" på Straume/Kolltveit der bilistar kan parkere for å ta bussen til Bergen. På lengre sikt ynskjer vi å byggje **bybane til Sotra**.

# Grøn vekst på Sotra

Venstre vil løyse trafikutfordringane på Sotra ved å byggje nytt samband frå sørre Sotra til Fana, og byggje kollektivfelt og sykkelvegar i nord. Fjell og Sund er ein vekstregion som treng gode løysingar for grøn utvikling.

Venstre vil leggje til rette for **eit miljøvenleg og nyskapande næringsliv**. Det er naudsynt med ein næringsvenleg fylkeskommune som kan leggje til rette for lokale initiativ og nyetableringar på tvers av kommunegrensene. Venstre vil nytte fylkespolitikken til å hjelpe fram små og mellomstore verksemdar, og sikre ein grøn og miljøvenleg verdiskaping i regionen.

**Betre infrastruktur og eit betre kollektivtilbod** er noko av det viktigaste fylkespolitikarane kan gjere for Sotra.

## Venstre vil:

- Byggje nytt Sotrasamband frå sørre Sotra til Fana
- Byggje kollektivfelt på nordre innfartsåre til Bergen
- Betje i gang ei ordning med båtbus til Flesland eller Hjeltestad
- På sikt byggje ut Bybanen i Bergen til Straume



**Alf Helge Greaker** (34) bur i Bergen og arbeider til daglig som bussjåfør i Tide. Han er Venstre sin andrekandidat til fylkestinget, og brenn spesielt for eit betre kollektivtilbod i Hordaland.

[facebook.com/alfhelgegreaker](https://www.facebook.com/alfhelgegreaker)



# Våre kandidatar



1. **Tore Turøy** (1951)  
Søre Bildøy

- 5. **Odd Ivar Ølnes** (1947), Bjørøy
- 6. **Brit Tønnessen Fjell** (1948), Dala
- 7. **Olav Vårdal** (1958), Misje
- 8. **Liv Strømme** (1960), Straume
- 9. **Henrik Fjell** (1946), Fjell
- 10. **Kari Vatne** (1944), Foldnes
- 11. **Bjørn Henning Østenstad** (1970), Kolltveit
- 12. **Jørund Ståle Mikkelsen** (1961), Straume
- 13. **Helge Harald Fjell** (1949), Dala
- 14. **Arnfinn Gunnber** (1952), Liaskjæret
- 15. **Kirsten Chr. Lie** (1933), Fjell



2. **Hege Spigseth Hovland** (1975)  
Algrøy  
*Sotra treng ein effektiv infrastruktur som gagnar heile kommunen, denne må vera på plass før større utbyggingar vert igangsatt. Fjell har ein unik kystkultur som ikkje må gå tapt p.g.a. urbanisering på Straume.*



3. **Espen Elstad** (1975)  
Åse  
*Er spesielt oppteken av skule miljø/ nærmiljø og næringsutvikling. Det er viktig at folk trivst der dei bur.*



4. **Brith Ediassen** (1957)  
Turøy  
*Eg har eit sterkt ønske om at Fjell vert ein foregangskommune når det gjeld dyrevern.*



venstre

[www.fjell.venstre.no](http://www.fjell.venstre.no)